



Kommunane i Rogaland

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Endring av rutinar når det gjeld bruk av melding om skadeavverjande tiltak i nødssituasjonar, jf. helse- og omsorgstenestelova § 9-5 tredje ledd bokstav a.**

Gjennom mange år har ein hatt ulik praksis frå fylke til fylke når det gjeld bruken av og melding om skadeavverjande tiltak i nødssituasjonar, jf. helse- og omsorgstenestelova § 9-5 tredje ledd bokstav a.

Fylkesmannen erfarer at det i sær mange høve vert eit opphold mellom to vedtaksperiodar. Det kan skuldast fleire forhold, mellom anna lang sakshandsamingstid hos ulike aktørar. Om lag 95 % av alle meldingane Fylkesmannen i Rogaland registrerte i 2015 skuldast eit opphold frå det eine godkjende vedtaket utløp, til eit nytt vart overprøvd.

**I brev frå Statens Helsetilsyn til alle Fylkesmannsembeta datert 29.12.2015, vert det presisert at kommunane berre skal sende inn meldingar om skadeavverjande tiltak i nødssituasjonar, noko som omfattar alvorleg sjølvskadande åtferd, skade på andre personar eller omfattande materiell øydelegging som ein må stansa og forhindra «der og då».**

Naudsituasjonar kan oppstå plutselig og utan førevarsel. Det må da fattast ei avgjerd på staden om korleis ein skal hindra eller avgrensa vesentleg skade. § 9-5 tredje ledd bokstav a skal altså fange opp situasjonar som oppstår plutselig og uforutsett, og der avgjerd om bruk av tvang må fattast umiddelbart på staden. Skadeavverjing i einskildtilfeller skal berre vere motivert ut frå behovet for intervensjon i augneblinken, og tvangstiltaket skal opphøyrta så snart naudsituasjonen er over.

Dersom det er naudsynt å gripe inn med tvang på grunn av akutt fare for vesentleg skade, kan dette gjerast med heimel i § 9-5 tredje ledd bokstav a (jf. rundskriv IS-10/2015 side 85). Til dømes kan avføring i klede etter omstende være så vidt krenkjande og stigmatiserande at det vil vera ein naudsituasjon. Tvangstiltak etter § 9-5 tredje ledd bokstav a kan då setjast i verk dersom vesentleg skade ikkje let seg hindre eller avgrensa på anna vis, og melding om dette må sendast i tråd med § 9-7 første ledd.

Dersom tiltaket vert vurdert som naudsynt også i framtida, må kommunen straks setja i verk arbeid med å utgreia andre løysingar og eventuelt fatte vedtak om tiltak etter § 9-5 tredje ledd bokstav c.

Det er den einskilde kommune som har ansvar for at tenestetilbodet og organiseringa til ei kvar tid samla sett er forsvarleg. Dette gjeld også at bruk av tvang og makt vert gjennomført i tråd med lovføresegna i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.

Det er den overordna fagleg ansvarlege i kommunen som har ansvar for å treffa vedtak etter kapittel 9, jf. § 9-7 anna ledd.

Det er difor heilt sentralt at overordna fagleg ansvarlege til ei kvar tid må ha oversikt over og fylja med på bruken av tvang i tenesta. Dette ansvaret må tydeleg plasserast og ansvaret for oppfølging av helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 må vera konkretisert, slik at ein ikkje svekker den utviklingshemma sin rettstryggleik.

Den einskilde kommune må difor sjå til at ein startar opp med å utarbeide nytt vedtak om vidareføring av tiltak der dette er naudsynt, i *god tid* før det førre vedtaket går ut.

**Dersom vedtaket som går ut var heimla i § 9-5 tredje ledd bokstav c, skal det *ikkje* lenger sendast a-meldingar om tvangsbruken til Fylkesmannen i den «vedtakslause» perioden.**

**Kommunen må i denne tida registrera tvangsbruken i *journal*, jf. reglane i helsepersonellova kapittel 8 om dokumentasjonsplikt og forskrift om pasientjournal, sjå også § 9-10 i helse- og omsorgstenestelova.**

Dei nye rutinane vert gjeldande frå og med 1. februar 2016.

Med helsing

Åshild Vistnes van der Veen  
Konst. avdelingsdirektør

Tor Selmer Olsen  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Tor Selmer Olsen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 54  
E-post: fmrotso@fylkesmannen.no

Kopi til:

Helse Stavanger HF barnehabilitering	postboks 8100	4068	STAVANGER
Helse Fonna HF seksjon habilitering LMS	postboks 2170	5504	HAUGESUND
Helse Stavanger HF mobilt innsatsteam	postboks 273	4303	SANDNES
Helse Stavanger HF HAVO Lassa	postboks 8100	4068	STAVANGER
Statens helsetilsyn	postboks 8128 Dep. 0032	OSLO	